




Ein flott og interessant «fjelltur», sjølv om ein ikkje går heile ruta.

A beautiful and interesting «mountain walk», even if you do not walk the whole route.



Rute og ymse av interesse

Terreng: Veg og traktorveg. Lett stigning.
Høgdeskilnad 354 meter
Tid: Ca. 3,5 timar. 14 km.

Parker på stor parkeringsplass til venstre 50 meter forbi Stalheim Hotel.

Frå parkeringsplassen delar vegen seg til høgre ned mot Stalheimskleiva og til venstre ved skilt mot Brekke (1). Vi tar vegen tilvenstre og går vi inn på grusa bilveg, oppover forbi Brekkegardane der dikteren Per Sivle vaks opp, og vidare mot Brekkedalen (2) som skjer vinkelrett på Nærøydalen. Gardane over elva til høgre er Sivle (405 m.o.h.).

Flott utsikt over dei karakteristiske fjellpartia som rammar inn området på Stalheim. Vi passerer bomgrind og går i slak oppoverbakke på grusa støls/traktorveg.

Route and places of interest

Terrain: Tractor trail, footpath. Gentle inclines.
Elevation: 354 metres.
Time: Approximately 3 + hours.
Distance: Roundtrip: 14 km.

Park your car at the car park at the left, 50 metres past Stalheim Hotel.

From the car park there is a road to the right down towards Stalheimskleiva, but we take the road to the left signposted Brekke (1). Proceed on a gravel road past the farms at Brekke - where the poet Per Sivle grew up - and on up to Brekkedalen (2) which runs at 90° to Nærøydalen. The farm across the river to the right is Sivle (elevation 402 m).

While you walk, don't miss the magnificent view of the massive mountains surrounding the Stalheim area. Go past the (cattle) gate and follow the tractor trail along a gentle incline.



Etter ca. 30 min. gange passerar vi Vetlestølen på høgre sida. Litt lenger framme kjem vi til eit vegskille, der vegen til venstre går opp mot Mulefjell og endar opp i Bottn med sti gjennom Kvanndalen til Mørkdalen.

Men vi går over brua og vidare på andre sida av elva. Her ligg Storstøl-ane, tett etter kvarandre i eit grøderikt beiteområde. Stølane er framleis i drift. Her beitar store saue- og geiteflokkar, kyr og hestar er og mellom dyra som kosar seg på flotte fjell-beite (3).

På ein av stølane vert det seld geitost som er laga i området.

I enden av dalen vil vegen dela seg (4), den til venstre til stølane Vikset, og den til høgre i slyng oppover fjellsida og over til Jordalen. Her frå går gamle ferdselsstiar mot Myrkdalen. Desse stiane er ikkje merka. Staden ved dette vegskillet heiter Kinnarbakken og refererar til ein stad der ein tidlegare kinna smør.

Vi går same vegen attende til Stalheim. Undervegs er det mange fine plassar for rasting.

After about 30 minutes you pass Vetlestølen on the right hand side. A bit further we come to cross roads, where the road to the left leads up to Mulefjell and Bottn, where there is a path leading through Kvanndalen to Mørkdalen.

We cross a bridge and as you walk along the other side of the valley, notice the many mountain pastures and shealings along the way. This is a particularly lush mountain area (3) that is still being used for summer pasture and milk production, and if your timing is right you can see flocks of grazing sheep, goats, horses and cows. At one "seter" (mountain pasture with a shealing or milking-hut) you can still buy goatmilk cheese that is produced in the area.

At the end of the valley the trail divides (4); to the left are the shealings of the Vikset farm and to the right the trail zigzags up the mountainside and over to Jordalen.

From here several old travel routes go on to Myrkdalen. These trails are not marked, however.

The place by the road fork is called Kinnarbakken, indicating that butter was churned here in earlier days.

Take the same route back to Stalheim and don't forget to make use of the fine picnic areas along the way.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.